



Kva med ein kaffemaskin?

Uskedalen har ein butikk som ein skal leita lenge for å finna maken til - og det er Lises Krambu. Der kan ein som har sans for museale minner gløyme seg heilt bort og det er stadig noko nygamalt å finna i lokalet som er metta av ting frå tida som var. No har Lise til dømes mange ting som kan danna basis for eit handelsmuseum!

Til dømes står 2 kaffemaskinar som hadde sin glansperiode i ein kolonialbutikk i bygda og skin i ein krok. Det er fine,sveitsiskproduserte saker som kanskje ikkje er heiltøydelagt av tidas tann.

Vidare er det grunn til å visa fram eit kassaapparat som Lise meiner er rundt 100 år gammalt og kjem frå Stord og erav det kjende merket National.

Og i ein krok står det ei stor hylle som kan nyttast til kva som helst men som har ein høgst spesiell bakgrunn. Det er ei posthylle'frå hovudpostkontoret i Haugesund.Den kan nyttast til så mangt.

Men både vi og Lise er litt forundra over at ingen har sikra seg ein heilt spesiell tysk radio som åpenbart skriv seg frå tidaunder det tredje rike. Eit historisk klenodium av fyrste rang,meiner vi.



Ei posthylle?

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Eller eit kassaapparat?